



Agenda AU-møte nye Ålesund 3. mai

Dato: 3. mai 2017
Tid: kl. 9 til 12.00
Møteleiar: Eva Vinje Aurdal
Stad: Ørskog

Førebels agenda:

1. Kort statusorientering

Viktigaste er: Informasjonsbrev utsendt. Første felles møte med fagforeiningane. Ny nettside.

2. Prosess for tilsetting av ny rådmann – oppstart tilsettingsutvalet

Tilsettingsutvalet har konstituerande møte i dag kl. 12-13. Vedtaka i kommunestyra finn de her: [Haram kommunestyre](#), [Ålesund kommunestyre](#), [Sandøy kommunestyre](#), [Ørskog kommunestyre](#) [Skodje kommunestyre](#)

3. Intensjonsavtalen – oppdatering av tekst

- Innhald: Handsaming av innspel frå sist styringsgruppemøte. Koordinator sender AU ei utkast der endringane er lagt inn (med spor endringer). AU gjennomgår punkt for punkt.
- Prosess: AU si innstilling oversendast styringsgruppa 10. mai for handsaming i møte 18. mai.

4. Planlegging felles kommunestyremøte

- Vår tilbakemelding til fylkesmannen. Skal vi ha kommunestyremøter same stad like etter?
- Gjennomføring av arrangementet – møteleiar og formannskapssekretær. Streaming.
- Sosial markering etter møtet – Anne Bente ansvar?

5. Planlegging av førebuande sakshandsaming i kommunestyra i mai

Det er fleire saker som både kommunestyra og styringsgruppa må ha drøfta ferdig og vere omforente om før fylkesmannens møte 21. juni. AU legg opp ein prosess for dette, innstilling frå AU må sendast kvar kommune denne veka.

Sakene er:

1. namn på kommune
2. tal på kommunestyrerepresentantar (mellom 35 og 77)
3. reglement/mandat for fellesnemnd (sjå eiga sak under)
4. reglement/godtgjersle fellesnemnd (sjå eiga sak under)
5. revisor og sekretariat (kontrollutvalssekretariatet innstiller)
6. andre underutval av fellesnemnd (td. AU og partssamansett utval)

5. Reglement/mandat fellesnemnda og reglement godtgjersle

Synnøve Vasstrand presenterer utkast til reglement som AU behandlar.

6. Alle mandat delprosjekt og overordna styringsdokument

- Felles tekst i alle mandat/felles føringar.
- Individuell tekst i kvart mandat.

7. Interkommunale samarbeid – levering av kartlegging

- Tore Hals presenterer leveranse frå delprosjektet som handsamast i styringsgr.møte 18. mai.
- Fellesnemnda oppnemnder nytt delprosjekt for å vurdere kvart samarbeid. No er kartlegginga nyttig bakgrunnsinformasjon.

8. Politisk sekretariat til fellesnemnda

- Fellesnemnda skal ha sakssystem etter vanleg kommunestandard – fellesnemnda bør frikjøpe ein formannskapssekretær frå ein av administrasjonane til dette.
- Korleis løyser vi arbeidsmengde ift. møteinnkallingar, møter og arrangement, referat m.v.?

9. Program/agenda for styringsgruppemøte 18.5., Haram

Stad: Haram er vertskap. ID-huset?

Agenda og saksliste må ut 10. mai. (Koordinator har feriedagar 11.-12. mai)

Hovudsaker i dette møtet: Intensjonsavtalen. Interkommunalt samarbeid.

Mandat for delprosjekta og prosjektplan.



Referat AU-møte nye Ålesund 3. mai

Dato: 3. mai 2017
Tid: kl. 9 til 12.30
Møteteiar: Eva Vinje Aurdal til 11.30 og Dag Olav Tennfjord frå 11.30
Stad: Sjøholt, Ørskog

Deltakarar: Eva Vinje Aurdal (til 11.30), Tore Johan Øvstebø (vara for Aurdal frå 11.30), Dag Olav Tennfjord, Knut Helge Harstad, Oddvar Myklebust, Vebjørn Krogsæter.
Rådmenn: Astrid Eidsvik, Bente G. Vikhagen, Synnøve V. Synnes, Turid Hanken, Kim Andre Breivik.
Prosjektteam: Anne Berit S. Emblem, Anne Bente Skjellum til 11.30 og Mads Solberg.
Andre: Tore Hals i sak 8.

1. Kort statusorientering veke 17-18

AU gjekk kort gjennom statuspunkta:

- 6. styringsgruppemøte 20.4. – [lenke referat](#)
- Første felles møte med fagforeiningane 21.4. – [lenke referat](#)
- Info-skriv 2 frå Fylkesmannen m.m. 24.4. - [lenke](#)
- Informasjonsbrev alle tilsette utsendt 26.4. - [lenke](#)
- Felles nettside nyealesund.no lansert 27.4. – [lenke nyheitssak](#)
- KMD/KS-samling på Lillestrøm og Flesland veke 18 – [lenke presentasjonar](#)

Statuspunkta vart teke til orientering.

2. Prosess for tilsetting av ny rådmann – kort informasjon om vedtak og oppstart

Lenke til vedtaka i kommunestyra var utsendt på førehand: [Haram kommunestyre](#), [Ålesund kommunestyre](#), [Sandøy kommunestyre](#), [Ørskog kommunestyre](#), [Skodje kommunestyre](#)
AU snakka nyansane i vedtaka, samt erfaringane frå denne vedtaksprosessen i fem kommunestyre. Vedtaka er mandat til tilsettingsutvalet som har konstituerande møte 3.5. kl. 12.30. Tilsettingsutvalet består av ordførarane.

3. Intensjonsavtalen – vidare arbeid med oppdatering av tekst

- AU handsama innspela frå gruppearbeida i sist styringsgruppemøte. Oppdateringar som AU var einige om vart lagde inn som «spor endringar» i gjeldande avtale frå 15.6.16.
- AU si innstilling vert sendt kvar kommune for prosess, før handsaming i st.gruppa 18. mai.
- Kommunestyra må til slutt vedta styringsgruppa si endelege oppdaterte utgåve. Signering av dei fem ordførarane kan etter planen skje 1. juni.

4. Planlegging felles kommunestyremøte 21. juni

- Fylkesmannen vil innkalle til felles kommunestyremøte 21. juni (drøftingsmøte). Dette er omtala i Info-skriv 2 frå Fylkesmannen - [lenke](#). Kommunestyra er til saman 133 folkevalde.
- Møtet vert halde i kantina på Norsk Maritimt kompetansesenter (NMK), Nørve.
- NMK har bekrefta at møtet kan starte kl. 15. AU innstiller på at vi startar då.

- Etter at fylkesmannen har opna møtet, skal det veljast ein møteleiar. AU innstiller på at leiar av styringsgruppa, Eva Vinje Aurdal, vert møteleiar.
- Ålesund kommune stiller med formannskapssekretær for felles kommunestyremøte.
- Møtet skal om mogleg streamast, Anne Bente Skjellum tek ansvar for dette.
- I etterkant av fylkesmannens fellesmøte (drøftingsmøte), må det fattast vedtak i drøftingssakene i kvart enkelt kommunestyre. AU avgjorde at kvar av dei fem kommunestyra skal ha vedtaksmøter same dag, same stad like etter fellesmøtet.
- Både drøftingsmøtet og dei fem kommunestyremøta vil vere ei «seremoniell handling». Vi må møtast omforeinte og klare til å fatte likelydande vedtak 21. juni., dvs. debatt og meningsutveksling må vere ferdig *før* denne dagen. Det skal derfor leggjast opp prosessar for involvering/debatt i løpet av mai.
- Etter at kommunestyremøta er ferdige 21. juni ca. kl. 18, skal vere sosial markering på NMK med både mat og underhaldning. Anne Bente Skjellum tek ansvar for dette.

5. Planlegging av førebuaande sakshandsaming i kommunestyra i mai

Det visast til INFO-skriv 2 frå fylkesmannen, jamfør lenke over. AU gjennomgjekk punkta under med vekt på punkt 3:

1. Namn på kommune
2. Tal på kommunestyrerepresentantar
3. Reglement/mandat for fellesnemnd (sjå eiga sak under)
4. Revisor og sekretariat (kontrollutvalssekretariatet innstiller)
5. Andre underutval av fellesnemnd (td. AU og partssamansett utval)

AU si innstilling vert sendt kvart kommunestyre for drøfting og innspel i mai. Formelt vedtak skal ikkje fattast før 21. juni, men all prosess må vere ferdig i god tid før denne dato. Det er viktig at kvar kommune set av tilstrekkeleg tid til prosess. Styringsgruppa har også på agendaen 18. mai.

Felles reglement for godtgjersle vert fellesnemnd vert sendt ut på eit seinare tidspunkt.

6. Reglement/mandat fellesnemnda jf. pkt. 5. nr. 3

Synnøve Vasstrand Synnes presenterte utkast til reglement, AU gjennomgjekk dette. AU si innstilling følgjer sakene til kommunestyra som omtalt over.

7. Mandat delprosjekt og overordna styringsdokument

Saka vert teke direkte i styringsgruppemøtet 18. mai.

8. Interkommunale samarbeid – levering av kartlegging

- Tore Hals presenterer leveranse frå delprosjektet som handsamast i styringsgruppa 18. mai.
- I denne fasen er kartlegginga nyttig faktainformasjon.
- Fellesnemnda skal seinare setje ned nytt delprosjekt for å vurdere kvart samarbeid.

9. Politisk sekretariat til fellesnemnda

Saka vart utsett til neste AU-møte.

10. Prosjektstilling IKT og digitaliseringsarbeid i nye Ålesund

Saka vart utsett til neste AU-møte.

11. KMDs prosjekt 2017-2019 «Fornylse av lokaldemokratiet i kommunar med vedtak om samanslåing»

Saka vart behandla av AU i e-postrunde etter møtet. AU si innstilling vert sende kvart kommunestyre. KMD har stadfesta at nye Ålesund kan delta med 12 representantar. Dette framgår i saka.

12. Program/agenda for styringsgruppemøte 18.5., Haram

Saka vart behandla av AU i e-postrunde etter møtet.

Stad: Haram er vertskap.

Agenda og sakliste må ut 10. mai. (Koordinator har feriedagar 11.-12. mai)

Hovudsaker i møtet vert:

- Interkommunalt samarbeid - kartlegging. Leveranse frå delprosjektet.
- Demokrati og medverknad – status.
- Intensjonsavtalen – sluttbehandling.
- Felles kommunestyremøte – saker i prosess, herunder mandat fellesnemnda.
- Mandat for delprosjekta og styringsdokument.

Anne Berit Støyva Emblem
referent